

From: Lillian Bakke Byrknes
Sent: Thu, 30 Jun 2022 11:39:19 +0000
To: Martin Gjerde Skrede
Subject: SV: Spørsmål knytt til behov for søknad om avkøyringsløyve (gbnr. 324/4, Alver kommune)

Hei,

Eg beklagar sein tilbakemelding.

Slik vi ser det så vert eigedomen med ny driftsbygning sikra tilkomst med ny avkøyrsløye som vert bygga i samsvar med reguleringsplanen for Sagstadvegen. Dei skal jo bygge ein driftsbygning som erstattar ein som må rivast. Dersom det hadde vore eit heilt nytt tiltak så måtte ein har søkt om utvida/endra bruk.

Med helsing

Lillian B. Byrknes
rådgjevar forvaltning Bergen

Forvaltning, utgreiing og geodata
Infrastruktur og veg



tlf.: 45 63 87 02
www.vestlandfylke.no

Ver merksam på at all dialog på e-post kan bli journalført.

Fra: Martin Gjerde Skrede <msh@harris.no>
Sendt: mandag 20. juni 2022 14:35
Til: Lillian Bakke Byrknes <Lillian.Bakke.Byrknes@vlfk.no>
Emne: Spørsmål knytt til behov for søknad om avkøyringsløyve (gbnr. 324/4, Alver kommune)

Hei.

Eg viser til hyggeleg telefonsamtale knytt til behovet for søknad om avkøyringsløyve for gbnr. 324/4 i Alver kommune (Sagstadvegen 39) i samband søknad om oppføring av driftsbygg.

I dag står det eit driftsbygg på gbnr. 324/4 som må rivast på bakgrunn av at grunnen det står på skal eksproprierast i samband med utbetring av Sagstadvegen. Sidan eigar av gbnr. 324/4 er nøydd til å rive eksisterande driftshus på eigedomen sin, skal han føre opp eit nytt driftsbygg lenger sør på eigedomen. Plasseringa av driftsbygget følgjer av vedlagt situasjonsplan. Det er sendt inn søknad til Alver kommune om oppføring av dette driftsbygget, og før dei kan handsame søknaden, har dei bedt om at vi gjer greie for om tiltaket som vert søkt om skapar behov for søknad om avkøyringsløyve eller ikkje. Det er fint om

du har høve til å gje ei uttale om dette som vi kan leggje ved svaret vårt til Alver kommune, eventuelt slik at vi får klarlagt om vi er nøydde til å sende inn ein slik søknad eller ikkje.

Dersom du har behov for ytterlegare opplysingar om saka, er det berre å ta kontakt.



Med vennlig hilsen

Martin Gjerde Skrede
Advokatfullmektig

478 50 067 | msk@harris.no

Harris Advokatfirma AS
Dreggsallmenningen 10/12
PB 4115 Sandviken, 5835 Bergen
55 30 27 00 | harris.no

Følg oss på [Facebook](#) og [LinkedIn](#).

Hvis e-posten mottas ved en feil, ber vi om at den slettes og avsender underrettes.
